



Ivar Kåre Døssland tok største laksen i fjor - den var 8,9 kilo

Klokka 24 til natta startar fisket i Uskedalselva og elveeigarlaget kan ønskje fiskarane velkommen til den einaste elva i Sunnhordland som er ope for aure- og laksefiske i denne sesongen.

Og ikkje berre det - den nye leiar Johannes Feet forsikrar også at fisken er på plass og kan opplysa om at vasstand og vertilhøve nærmast er idelle. Det var ikkje tilfelle ved fiskestarten i fjor.



Jostein Almås frå Stord fekk ein 6 kilos laks i fjor. Han fanga 20 kilo laks på 4 dagar i fjor starta fisket i elva 1. juli, men i år er starten som tidlegare 15. juni.



Djupehølen er ein av dei beste fiskeplassane og her sit Pål Fredriksen frå Bergen og ventar...

I fjor var det ein nedgang i rapportert oppfiska kvantum - til 385 kilo medan 500 kilo vart notert året før. Nedgangen skuldast lite nedbør og låg vassføring i tida etter starten.
Men allereie no kan oppsynsmennene Asbjørn Rød og Arne Terje Haugland rapportera om fisk under oppgang. Faktisk observerte Rød fisk i elva før påske og det er tidleg. Korleis bestanden er no har ikkje laget noko oppfatning om då det manglar rapportar.
Feet har viktig informasjon å gje no ved starten. Han ber fiskarane om å rapportera om lus på fisken - til han på telefon 94825878 eller www.fiskealarm.no. Opplysningane som trengs er storleik og stad for fangsten samt lusmengde på fisken.
Rapportering etter sendt sesong er også vesentleg og viktig for den vidare drift av elva.

Neste punkt på huskelista til leiaren gjeld desinfisering av fiskeutstyrer hvis ein har nytta det i andre vassdrag. Denne prosessen skjer i anlegget som er montert like ovanfor bruia og som er skilta frå denne. Det blir også minna om at det ikkje er lov til å nytta farkoster i Fjellandsbøvatnet som kjem frå andre stader. Fiskarar kan ta kontakt med laget eller grunneigarar om leige av båt og dei båtane som er der kan sjølvsagt nyttast.

Arbeidet for å gjøre elva betre for fisken held fram på ymse vis og eitt nytt tiltak i år blir utlegging av gytegrus på dei beste gyteplassane. Kalkinga held sjølvsagt også fram som før.

Det er rimeleg å fiska i Uskedalselva. Faktisk kostar det berre 150 kroner for eitt døgn og 600 kroner for ein sesong medan depositum er 100 og 500 kroner. Fiskekort kan som før kjøpast på SPAR, Rabben Feriesenter og Auto 88.

Laget håpar at fiskarane i elva vil oppføre seg eksemplarisk også denne sesongen. Det plar dei gjera.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen